

MELDING OM MYRDRYRKINGSFELTET PÅ LEINSLETTET VED REVOLDEN I GRØNNING STATS-ALMENNING, SKOGN HERAD, NORD-TRØNDELAG FYLKE.

Av forsøksleidar Hans Hagerup.

Trøndelag Myrselskap foretok i 1933 (1) undersøkingar av Leinslettet, eit myrområde i Grønning statsalmenning, Skogn herad. Oppmålinga viste at dette område var ca. 16.000 dekar, av dette var 7968 dekar grasmyr og 2600 dekar mosemyr. Området strekkjer seg og til Hegra herad, men største parten ligg i Skogn. Feltet ligg noko høgt, frå 360 m til 500 m o. h. Til Revolden, som ligg i nordre delen av området, er det 10 km utan veg til næraste gard i Skogn.

Skogn landbrukslag v/ Paul Holan tok i 1938 opp spørsmålet om prøvedyrking på denne myra. Dei fekk statstilskott til oppdyrkinga, og nedskrivaren av denne meldinga vart spurt om planlegging av dyrkingsfeltet og elles å få lagt ymse prøvedyrkingar på myra. Dyrkingsfeltet vart lagt ut like ved Revolden, da det var hus like i nærleiken. Myra var her ganske god grasmyr som etter analyse v/ Trøndelag Myrselskap viste pH 5,5, oske 26,1 %, N 2,12 % og CaO 0,83 %. Dette svarer til 795 kg N og 311 kg CaO pr. dekar til 20 cm djupn. Stykket som vart utteki var ca. 5 dekar, og myra var så djup at torvgrøfter kunne nyttast. Myra var temmeleg fast og seig, og det vart brukt 10 m grøfteavstand.

Grøftinga var grei å utføre. Verre var det å få myra broti. Plog kunne ein ikkje få opp på feltet, men ei enkel fjørhorv vart kjørt opp til smuldringsarbeidet. Det var såleis ikkje anna å gjera enn å bruke spad vending for å få eit stykke oppbroti. Ca. 1 dekar vart dyrka på denne måten. Resten vart overflatearbeidt. Torva var fast og seig, så ein måtte kjøra horva mange gonger for å få eit lite lauslag til å dekke såfrøet med på den spadvendte delen. På den delen som ikkje vart broti, var det uråd å få noko lauslag med horvinga, men berre riper i myra så frøet kunne koma i kontakt med jorda der.

Det er tilført 300 kg kalksteinsmjøl pr. dekar (150 kg CaO) utanom eit kalkfelt. Frøblandinga til enga, utanom eit engfrøfelt, var 2 kg timotei, 1 kg norsk kvein og 0,4 kg raudkløver = 3,4 kg pr. dekar.

Rundt feltet vart oppsett rutegjerde, og på to sider vart teki open grøft for å hindre flaumvatn å koma inn på feltet.

Kostnaden med dyrkinga var i 1938 kalkulert til 136 kr. pr. dekar, og det heldt så nokonlunde. Ein skal her merke at myra var ganske slett så det var lite planeringsarbeid, og så var det berre 1 dekar som vart vendt. Paul Holan stod føre dyrkingsarbeidet og stellet med felta dei første åra, frå 1945 var det Harald Næss som hadde styringa.

Feltet var ferdigsådd 23/6 1939. Samtidig vart lagt nokre prøvefelt med ymse gjødsling, kalking og engfrøslag. Det er dessverre ikkje hausteresultat for meir enn fire år. Visse uheldige omstende har vori orsak til det. «Isbrann», serleg på den vendte delen, var lei, og delvis beiteskader av bufe som trengte seg over gjerdet. — Beitedyra vart slept kring St. Hans tider, og da vart felta gjødsla. Heimtaking av dyra omkring slutten av august.

Haustinga av felta er utført i slutten av august månad. Det er lagt ut eit gjødslingsfelt på spadvendt myr og eit på ikkje vendt myr. Planen for begge var lik. Gjødselmengdene i kg/dekar var:

- 0. Utan gjødsel
- I. Kunstgjødsel. 1 år, 30 superfosfat + 20 kalisalt + 20 kalksalpeter
- II. Husdyrgjødsel, 1500 kvart år
- III. Husdyrgjødsel, 3000 annakvart år.

Husdyrgjødsla var den som var lagt utafor fjøset på sæteren og var såleis mykje utvaska. I 1942, 1945/48 vart nr. I gjødsla med 25 kg fullgjødsel og fekk i 1942/45 og 1946 tilskott på 10 kg kalisalt. Dei øvrige år er det gjødsla med enkeltgjødselstoffer, men superfosfatmengda var 20 kg pr. dekar. (I 1943, 15 kg).

Avlingsresultat.

Første års resultat på spadvendt myr:

	kg høy pr.dekar	
	Gras	Høy
Utan gjødsel	0	0
Gjødsling I	1875	488
Gjødsling II	944	245
Gjødsling III	1611	419

Graset var vått ved haustinga. Omrekninga til høy er gjort etter reduksjonstalet 0,26 kg høy av 1 kg gras.

Avlinga for dei andre åra går fram av tabellen nedanfor.

	Vekt av gras kg/dekar:			
	1943	1947	1948	Medeltal
Utan gjødsel	0	0	0	0
Gjødsling I	740	1227	574	812
Gjødsling II	440	1288	665	798
Gjødsling III	560	1190	644	1131

Graset var turrt ved veginga. Etter reduksjonstal på 0,4 kg av 1 kg gras vert det desse høyvekter i medeltal pr. dekar etter tur: 325, 319 og 452 kg. På ikkje spadvendt myr var det ikkje nemnande å vege første året. Elles er avlingsvekter for dei same åra som på spadvendt myr.

	Vekt av gras kg/dekar:			
	1943	1947	1948	Medeltal
Utan gjødsel	0	0	0	0
Gjødsling I	800	784	469	685
Gjødsling II	80	525	375	300
Gjødsling III	120	756	434	440

Etter same reduksjonstal som på spadvendt myr vert desse høyyvekter i medeltal pr. dekar: 274, 120 og 176 kg.

Ein ser her at avlinga på den ikkje vendte myra ligg ganske mykje under den som er teki på den vendte. Mykje har vel det sin grunn i at arbeidinga på den part som ikkje vart vendt ikkje vart serleg god og dermed mindre gode veksevilkår for plantene. Ei samanlikning av høyyvektene viser fylgjande skilnader:

	I	II	III
Spadvendt myr kg høy	325	319	452
Ikkje vendt myr kg høy	274	120	176
Meiravling for den spadvendte myr	51	199	276

Husdyrgjødsla har havt langt dårlegare verknad på ikkje spadvendt enn på den spadvendte. Kunstgjødselverknaden er det minst skilnad på (gjødsling I). Ein skal her vera merksam på at året 1943 sett ned verknaden av husdyrgjødsla svert mykje, da det var uvanleg liten vekst på rutene II og III.

Notering over plantesettnaden i 1943 viser for gjødsling I: 10 % timotei, 70 % kvein og 10 % rapp av kulturplanter, 10 % andre planter. På husdyrgjødsla ruter var det same planter, men noko mindre timotei. Ein og annan kløver fannst på rute III. På den ikkje vendte myr var det same året notert fylgjande planter på rutene i prosent (medeltal av to ruter):

	I	II	III
Timotei	45	65	70
Kvein	8	5	5
Rapp	3	sp	sp
Rørkvein	25	—	—
Blåtopp	3	sp	sp
Starr	15	20	20
Andre planter	1	10	5

At timotei har fått så lågt prosenttal på gjødsling I, kjem av at rørkvein har havt større plass på rutene her enn på dei andre gjødslingar. Veksten av timotei var på husdyrgjødsla ruter svert dårleg dette året. «Andre planter» var tepperot, myrhatt og bukkeblad. Utetter åra er det kvein som meir og meir inntar plassen.

Kalkfeltet er lagt på myr som ikkje var vendt. Gjødsling og frøblanding var likt med gjødslingsfelta (gjødsling I).

Heller ikkje på dette felt var det noko å hauste første året. For dei åra det er vegi på feltet, var det desse avlingar:

Kalkmengder pr. dekar:

	Vekt av gras kg pr. dekar:			
	1943	1947	1948	Medeltal
0. Utan kalk	460	413	329	401
I. 150 kg CaO i kalksteinsmjøl	+	+	+	+
Meiravling	200	7	7	71
II. 300 kg CaO i kalksteinsmjøl				
Meiravling	450	91	90	213

Omrekna til høy pr. dekar vert det for ukalka, 160 kg og desse meiravlingar for kalkmengdene: 29 og 86 kg. Det er svært små avlingar, og det var ikkje anna å venta på så lite arbeidt jord. Meiravlingane for kalken er store.

Noteringa over plantesettnaden i 1943 viste fylgjande (medelprosent av to ruter):

	Utan kalk	150 CaO	300 CaO
Timotei	40	26	55
Kvein	17	25	15
Rapp	5	sp	7
Starr	34	46	18
Blåtopp	3	sp	sp
Andre planter	1	3	5

Det er den største prosent timotei etter sterkaste kalkinga. Starr har elles utgjort ein større part av planteveksten, og den gir ikkje stor avling.

Engfrøfeltet låg på den spadvendte del av myra. Det fekk den same gjødslinga som nr. I på gjødslingsfeltet. Det var vanskeleg å få skikkeleg molding på frøet og tromling hadde ein ikkje høve til. Ein trelem vart kjørt over for å presse jorda saman. Første året vart haustinga utført 18/8 og gav fylgjande avlingar i kg pr. dekar (det var to samruter på feltet):

Frøslag og kg pr. dekar:		Gras	Høy
I. Timotei (kg pr. dekar)	3,0	2315	602
II. Timotei	kg 2,5		
Raudkløver	» 0,4		
Alsikekløver	» 0,4		
	—————	3,3	2092
III. Engsvingel	kg 4,0	1833	458
IV. Engrapp	» 4,0	1667	417
V. Seinrapp	» 4,0	2296	597
VI. Norsk kvein	» 4,0	1392	338

Graset var vått ved haustinga, og det er difor rekna stort svinn ved omrekning til høy pr. dekar. Avlingane må elles segjast vera bra. Timotei og seinrapp (*Poa serotina*) har gjevi største avling. Kløver/timoteiblandinga har ikkje gjevi så stor avling som reinsådd timotei, kløver var utgått, den hadde ikkje klart overvintringa. Dei andre grasslag har legi under timoteien i avling første året.

Det viste seg etterfylgjande år at overvintringa var vanskeleg deroppe. Med den seine slåtten som det vanlegvis må verta her, vil etterveksten ikkje få nokon serleg styrke mot vinteren. I 1941 vart feltet sterkt skadd av «isbrann». Kvein og engrapp hadde klart seg ganske bra, men også på desse var det skade. Feltet vart prøvd reparert 1942 med frøsåing (timotei), men dette lukkast ikkje godt. Kvein tok meir og meir plassen på dei ymse ruter, burtsett frå engrapp.

I 1947 og 1948 er rutene vegi med fylgjande resultat:

	Gras kg pr. dekar:		
	1947	1948	Medeltal
I.	759	435	597
II.	740	444	592
III.	740	500	620
IV.	730	454	592
V.	759	510	635
VI.	814	531	672

Gjødslinga er utført den 25/6 og 19/6 og slåtten 18/8 og 14/8 dei to åra. I 1947 var graset svert turrt ved slåtten, folka på sæteren meinte det hadde tapt seg noko før slåtten. Avlingane er små, og ved omrekning til høy etter 0,4 kg høy av 1 kg gras, ligg høyavlingane på 237 til 268 kg, så dei er svert jamne. Det er ganske rimeleg, da det er kvein som har spreidd seg på mest alle ruter, unnanteke IV, der det er engrapp. Tida frå gjødsling til hausting er for begge åra to månader, så veksttida har ikkje vori lang.

Dyrkinga av myrfeltet på Leinslettet er gjort under ganske ser-eigne tilhøve. På grunn av at det til feltet er om lag 10 km innover fjellet utan veg, var ein avskori frå å bruke hjelpemidler som ein under andre tilhøve har til rådvelde ved dyrking. Tilsynet med feltet var også vanskeleg av den grunn. Med omsyn til grøftinga, hadde ein ikkje nedbørmålingar til rettleiing ved fastsetting av grøftestyrken. Nedbøren synest vera stor i stroket, snømengda var i allefall det ymse år. Myra var fast og seig, så ei ganske sterk grøfting måtte til. Kva avlingane vedkjem har dei gjennomgåande vori låge. For ein del må det tilskrivast at jordarbeidinga ved anlegget ikkje kunne verta tilfredsstillande, men og andre ting har verka med. Myra ligg ganske høgt, om lag 400 m o. h. Gjødslinga kunne ikkje utførast tidlegare enn

frå midten til slutten av juni månad og haustinga vart utført frå midten til slutten av august månad. Veksttida var såleis stutt.

Bryting av myra har gjevi betre resultat enn overflatearbeiding. Betre smuldring av myra enn som utført, ville sikkert ha gjort skilnaden mindre og vori til betring for begge måtane. «Isbrann» var verre på den del som var broti enn på den ubrotne myr. Opphawelege planter i myra har klart seg betre. Timotei, engsvingel og seinrapp har gått fort ut i enga, medan kvein og engrapp har klart seg betre under dei vanskelege vekstvilkår som er her. Dei har eit sterkare rotsystem til å klare ugunstige vekstvilkår. Ved god overvintring har timotei og seinrapp gjevi god avling. Da slåtten til vanleg må verta seint utført (og beitinga seint slutt) på grunn av den stutte veksttid, får plantene ikkje vekse seg sterke mot vinteren, og faren for «isbrann» vert stor, serleg for dei med veikt rotsystem.

Utan gjødsling vert det ingen avling og difor godt avlingsutslag for denne som på anna myr. Kalk har og gitt avlingsauke.

Det er til slåtteland eller beite at desse myrstrekningar kan få verdi, men for at dei kan dyrkas, må det veg fram til feltet.

ORIENTERING OM SYNKNINGSPROBLEMET PÅ MYR.

Av Aasulv Løddesøl.

I. Innledning.

Dyrking av myr har mange problemer å by på, både av praktisk og teoretisk natur. Et av disse problemer er synkningen eller nivåsenkningen av myrenes overflate som melder seg allerede ved grøftingen. Myrsynkning kan for øvrig ha mange årsaker og skyldes ikke bare at det overflødig vannet tappes ut av myrene. Innledningsvis skal vi bl. a. nevne at de mange porer i torven som før grøftingen var fylt med vann, vil falle mer eller mindre sammen når luften slipper til og den oppdrift som vannet forårsaket forsvinner. Vi får m. a. o. en naturlig trykkøkning av den fortettede jordmassen. Videre vil enkelte kulturtiltak under selve dyrkingen, f. eks. sandkjøring o. l., og likeså den senere bruk av jorden, forårsake et større eller mindre trykk — og sammenpressing. Dessuten får man et økt tap av humusmateriale p. gr. a. de omdannelsesprosesser som det organiske materiale vil bli utsatt for, bl. a. betinget av den større lufttilgang. I enkelte tilfeller må man nok også regne med tap av organisk materiale fra myrenes overflate p. gr. a. vann- og vinderosjon. Som synkningsårsaker er nok de sistnevnte forhold av mindre betydning i vårt land enn mange andre steder, men allikevel forhold man må rekne med. I neste avsnitt kommer vi for øvrig